

**Til:**

Emilian Kverme - elev 4. trinn  
Grete Waldeland Høiland  
Heidi Ege  
Hilde Fisketjøn  
Karin Undheim  
Ole Tobias Ege - elev 3. trinn  
Olina Heskestad - elev 3. trinn  
Siri K. Fuglestad  
Thea Aarsland - elev 4. trinn

Dykkar ref.	Vår ref.	Arkivkode	Dato
	19/28897 HELE	035 A20	10.09.2019

**Vigrestad skule - SU/SMU - Referat frå møte 5. september 2019**

Dato: 05.09.19

Tid: kl. 19:00

Desse møtte: Emilian Kverme, Ole Tobias Ege, Olina Heskestad, Thea Aarsland, Grete Waldeland Høiland, Heidi Ege, Siri K. Fuglestad, Hilde Fisketjøn, Karin Undheim og Ingrid Vold

Forfall:

**Saker:****01 Godkjent innkalling****02 Skulemiljø**

Elevane seier at dei fleste har det trygt og godt. Ser av og til at nokon ikkje har lag med nokon, men dei veit at dei skal spør om dei vil ha lag eller gi beskjed til ein vaksen. Elevane fortel vidare at det nokre gonger kan vera uroleg i undervisningsøktene, men at det ikkje er veldig forstyrrende.

Lærer Hilde ser at det fungerer godt med leikevenn- opplegget, som trinna har to ti-friminutt i veka. Elevane er litt variable til leikevenn- opplegget, men tykkjer likevel det er gildt å ha lag med dei ein ikkje har lag med til vanleg.

**03 Lekse**

Elevane merkar godt at det er mykje mindre lekse. Dei opplever dette forskjellig. Nokre av dei ynskjer meir lekse, fordi dei blir så fort ferdig, mens andre tykkjer det er godt med meir fritid.

Siri lurer på om dei trur dei lærar mindre når dei har mindre lekse, og det trur dei. Foreldrerepresentantane ser og at det er mindre lekse og trur elevane har kapasitet til litt meir. Deira erfaring er at det mest er skriveleksa som er striast. Skulen kan auka lekse til at det er lesing kvar dag også på 3. og 4. klasse. Det kan og vera engelsk-lekse to gonger i

veka. Oppgåvene i tilknytning til lekse bør vera valfritt om elevane vil løysa skriftleg eller munnleg.

#### **04 Chromebook**

Elevane ser at nokon bruker Chromebooken som ein ipad. Både elevar og føresette er einig i at den bør brukast som ei skulebok, slik at den held seg fin og varer lengst mogleg. Dette bør skrivast på planen fleire gonger og tas opp på foreldremøte. Foreldra meiner at elevane ikkje alltid treng ha den med i sekken, sidan den er tung å bera på.

#### **05 Bibliotek**

Rektor viser til tidlegare referat frå fjoråret der FAU/SU ville skriva brev til kommunen om at biblioteket på Vigrestad var sakna. Siri har etterspurt brevet, men kommunen meinte dei ikkje hadde motteke det. Siri fortel at saka skal opp i formannskapet no i haust. Ein elev fortel at dei manglar bøker i skulebiblioteket og at dei har starta med å lesa bøkene om att. Ein annan elev fortel at det er dumt å alltid måtta kjøra til Varhaug eller Nærbø for å låna bøker. Foreldre tykkjer og at biblioteket snart må på plass att etter at det har vore vekke 2-3 år nå.

#### **Eventuelt:**

- Elevane ynskjer at det skal vera litt meir tid til mat. Dei kjem ofte seint i gang og bruker lang tid på å vaske hender og skyla mjølka etter mat. Elevane meiner mjølka burde stått på pulten når klokka var 11. Skulen tek dette vidare.
- Elevane ynskjer at fruktutdelinga er meir kontrollert frå dei vaksne, og foreslår at ein vaksen burde stå ved frukta. Det blir kasta mykje frukt på bakken ute, at det vert kasta heile frukter i bosset eller at dei vert lagt i hylla på gangen. Dei meiner og at det er ei ujamn fordeling, og at dersom det er gode frukter som vann-melon forsvinn desse veldig fort. Det er også nokon som ikkje betaler, som tek frukt. Skulen tek dette vidare med lærarane.
- Slangen i gymgarderoben. Elevane saknar at ein lærar er i gymgarderoben, slik dei er i symjinga. Det er tryggare. Dei fortel at det er ein vannslange i garderoben med varmt vatn i, som har blitt brukt til å spruta på andre elevar med. Dette ville ikkje skjedd om det hadde vore ein vaksen tilstade. Ein elev foreslår at slangen eventuelt kunne blitt bygga inne i ein boks. Skulen tek dette vidare.

Med helsing  
Hå kommune

Ingrid Vold  
referent

#### **Kopi til:**

Linda Therese Torsen  
Odd Arild Stueland  
Trond Egil Sunde

*Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur*